

# Pangstart skyting 2017

14. oktoberer inviterar vi til årets Pangstart i skyting. Pangstart er eit samarbeid mellom dei tre skytterlaga Gula, Oppedal/Brekke og Nyborg. Skyttarane får delta på ein skyteskule med fokus på skyting, miljø og det sosiale.

Pangstarten følgast opp med treningstemner. Det fyrste stemnet skyt vi denne dagen, så blir det vidare eit stemne hos kvart av skytterlaga utover hausten. Også under desse stemna er miljø og det sosiale i fokus saman med skytinga.

Runde 2 på Nyborg torsdag 26. oktober og runde 3 hos Gula fredag 17. november.

Pangstarten er for deg som går mellom 4. klasse til og med Junior-skyttar.

Vi møtast i Brekke, på Gulen MC-klubb sitt lokale, rett ved innandørsbana laurdag 14. oktober kl 13:00. Me skal ha det sosialt og bli kjent med skyttarane i nabolaga, samt lære mykje om skyting før me avsluttar med diskotek/spel på kvelden.

**SKYTING - SOSIALT - TEAMWORK - SKYTEKARUSELL - GLADE UNGAR - KUNNSKAP - SIKKERHEIT - QUIZ - DISCOTEK/SPEL**



Instruktører; Eileen Torp og Benedikte Oppedal. Eileen vart skytterdronning i 2014. Ho er glødande engasjert i born og ungdom. Benedikte har gått på skytelinja i Meråker og representerte Norge under EM luftgevær i 2016. Begge har masse god kunnskap om skyting og er gode til å lære vekk til andre.

Håpar du har lyst å vere med på ein lærerik og sosial dag☺

Påmeldingsavgift kr 150,- (inkludre måltider og t-skjorte, oppgi størrelse ved påmelding)

Meld deg på innan 7. oktober til;

Vivian Våge, tlf 92622607 eller Arild Wergeland, tlf 97727623